

Rutine for arkivering/langtidslagring av forskingsprosjekt under personopplysingslova

Retningslinjer for forskning med personopplysingar	
Dokumenteigar: Behandlingsansvarleg	Lagt fram for Forskingsutvalet: 18.06.2020
Dokumentansvarleg: Forskingsadministrasjonen	Godkjent av direktør: 16.06.2020
Gyldig for: Prosjektleiar	Versjon: 1
Regulert av: Personopplysningsloven, Helseforskningsloven, Forskningsetikkloven	

Formål

HVO har som behandlingsansvarleg eit ansvar for å sikre at alle student- og forskingsprosjekt ved HVO blir gjennomført i samsvar med Lov om behandling av personopplysingar (personopplysingsloven) og generelle forskningsetiske omsyn i tråd med Lov om organisering av forskningsetiske arbeid (forskningsetikkloven). Jamfør personvernprinsippet om lagringsavgrensing skal ein ikkje lagre personopplysingar lenger enn det som er naudsynt i høve til formålet med behandlinga. Eventuell langtidslagring, tilgjengeleggjing og gjenbruk av slike data vil difor, som ved all behandling av personopplysingar, utløyse ei rekke spørsmål om ivaretaking av personvernet.

Langtidslagring kan vere aktuelt for enkelte persondata, som til dømes der det føreligg oppbevaringsplikt eller ønske om oppfølgingsstudiar. Det vanlegaste er nok likevel at ein anonymiserer eller pseudonymiserer datamaterialet før arkivering og evt. tilgjengeleggjing.

HVO ønskjer at forskingsdata skal arkiverast og tilgjengeleggjerast for gjenbruk, så lenge det ikkje er juridiske eller forskningsetiske årsaker til hinder for dette.

Gjennomføring

- Prosjektleiar er ansvarleg for at eventuell oppbevaring eller arkivering etter prosjektslutt skjer i samsvar med informasjonsskriv og samtykkeskjema. Om dei registrerte/utvalet har samtykka til deltaking i prosjektet under føresetnad om at datamaterialet skal slettast ved prosjektslutt, vil prosjektleiar vere pliktig til å slette datamaterialet.
- Prosjektleiar er ansvarleg for at eventuell oppbevaring eller arkivering etter prosjektslutt skjer i samsvar med gjeldande lovverk, meldeskjema, evt. datahandteringsplan, kontrakt med oppdragsgjevar og anna.
- Skal datamaterialet anonymiserast, sjå [Datatilsynet sin veileder for anonymisering](#).
- Om prosjektet har mottatt stønad frå Norges forskningsråd (NFR), er ein pliktig til å arkivere forskingsdata jamfør NFR sine retningslinjer.
- HVO har pr. i dag ikkje ei eiga arkiveringsløyising for forskingsdata. Om ikkje prosjektet har tilknytning til ei særskild arkivløyising, tilrår vi at tilsette [arkiverer data hjå NSD](#). Dei kan arkivere både anonyme og personidentifiserbare data, og prosjektleiar kan sjølv velje om forskingsdata skal vere tilgjengeleg for gjenbruk eller ikkje. NSD sikrar at data er gjenbrukbare ved å oppfylle dei internasjonale [FAIR-prinsippene](#): Findable, accessible, interoperable og reusable.
- Ta gjerne kontakt med Forskingsadministrasjonen eller Biblioteket for råd om arkivering.

Dokumentasjon

Alle inngåtte avtalar arkiverast i HVO sitt arkivsystem.